

Støtte frå Stiftinga Kystsogevekene til bygging av Austfjordåttring

Bergen, 6. februar 2019

Kystsogevekene er ei stor kystkulturmønstring på Vestlandet, og er eit samarbeid mellom 22 kystkommunar, frå Gulen i nord til Sveio i sør. Kommunane som er med: Gulen, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Lindås, Radøy, Meland, Osterøy, Askøy, Øygarden, Fjell, Sund, Bergen, Austevoll, Os, Fusa, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Stord, Bømlo og Sveio. I august og september vert det avvikla nær 200 ulike arrangement i desse 22 kommunane.

I løpet av Kystsogevekene kan folk oppleve kystkultur og yrande folkeliv i mange formar og uttrykksmåtar, alt frå store folkefestar til intime konsertar eller små arrangement. Bak alle dei ulike tiltaka står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av sin eigenart og tradisjonar. I svært mange av arrangementa er bruk av klinkbygde tradisjonsbåtar sentrale element. Ofte vert båtane rodd eller segla, byggehandverket vert vist fram eller det vert demonstrert korleis ein kan gjera vedlikehald eller reparasjonar på båten.

Prosjektet til Lyngheisenteret, Radøy, Lindås og Meland Sogelag med å få bygd kopi av åttringen som Jon Johnsen Kikall i si tid bygde er spanande og svært relevant for Kystsogevekene på fleire plan:

- Det vil alltid vera nytig for tradisjonsbåtbyggjarar, i dette tilfellet Hardanger Fartøyvernsenter sin Peter Helland Hansen og lærlingen Arne Eriksen, med oppdrag utanom det vanlege. Nybygg av Austfjordbåtar er svært sjeldan kost og denne båttypen treng no sårt fleire nybygg for å sikra kunnskap, men også for å bygga entusiasme for denne delen av klinkbåt-tradisjonen.
- Med tre sogelag og Lyngheisenteret som involverte aktørar treng ein ikkje lura mykje på om den kulturfaglege samanhengen som den ferdige båten skal inngå i. Den vil bli hyppig brukt til både undervisning, gruppeturar og til kulturfomidlingsturar. Slik vil noko av den spanande soga kring åttringen kunne formidlast med båten sjølv som aktør i forteljinga. Det er også ein stor styrke for prosjektet at det alt har ein viss eigenkapital og mykje av båtmaterialen liggjande klart.
- På Lyngheisenteret er det årleg innom vel 1600 skuleelevar og ca. 12 000 turistar. Museet driv formidling av kystkultur og åttringen vil styrka denne formidlinga vesentleg. At Lyngheisenteret ligg midt i det som i løpet av 2019 vert Norges første biosfæreområde med UNESCO-status er sjølv sagt svært verdifullt.
- Med fleire aktivitetsbasar og mange gode planar for korleis båten skal brukast, vil denne åttringen tena eit større omland i den nye storkommunen Alver kommune. Åttringen vil sjølv sagt også vera svært aktuell for bruk på ei rekke av arrangementa under Kystsogevekene.

Kystsogevekene støttar kystrelaterte tiltak som gir aukande folkeaktivitet, for nokre av måla med denne stormønstringa av kystkulturen er at folk skal møtast, dele opplevingar saman, knyte band til kysten og kysttradisjonar og styrke identiteten som kystfolk. Kanskje det sterkeste symbolet på dette er nettopp dei tradisjonelle klinkbygde båtane. Kystsogevekene vil difor varmt tilrå søknaden frå Lyngheisenteret og Radøy, Lindås og Meland Sogelag.

Venleg helsing

Kjell Magnus Økland (sign)

Kjell Magnus Økland

Dagleg leiar, Stiftinga Kystsogevekene